

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 10.06.21  
**SAKSHANDSAMAR:** Olav Klausen  
**SAKA GJELD:** **Rapport frå verksemda**

**STYRESAK:** 53/21

**STYREMØTE:** 18.06.21

1 vedlegg

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

# Rapport frå verksemda, Mai 2021

---

## Innhald

Administrerende direktør si oppsummering .....	2
Økonomi .....	3
Økonomisk resultat.....	3
Investeringar .....	4
Likviditet.....	5
Aktivitet og kvalitet.....	7
Aktivitet.....	7
Kvalitet.....	8
Ventetid .....	8
Korridorpatientar .....	11
Epikrise .....	12
Pasienttryggleik.....	12
Utskrivningsklare pasientar .....	12
Medarbeidar .....	16
Bemanning .....	16
Sjukefråvær .....	16
Uønska hendingar HMS/ansatteskarar i perioden .....	16

## Administrerende direktør si oppsummering

### Økonomi

Det økonomiske resultatet for månaden var 11,6 MNOK lågare enn budsjett. Akkumulert er resultatet om lag 22,3 MNOK under budsjett.

### Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 64 dagar (eigarkrav under 50 dagar innan 2021).

Innan somatikken var ventetid for alle behandla pasientar 66 dagar (eigarkrav under 56 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 37 dagar (eigarkrav under 40 dagar), innan rusfeltet 19 dagar (eigarkrav under 30 dagar) og innan BUP-feltet 52 dagar (eigarkrav under 35 dagar).

761 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

### Utskrivningsklare pasientar

Innan somatikk var det i mai 40 pasientar som var melde utskrivningsklare medan dei venta på kommunalt tilbod om pleie- og omsorgstenester frå heimkommunen. Pasientane låg til saman 126 døgn, i snitt 4,1 sjukehusseng var nytta til utskrivningsklare pasientar i perioden.

Innan psykisk helsevern var det i april 2 utskrivningsklare pasientar som venta på kommunalt tilbod, totalt 33 liggedøgn.

### Korridorpasientar

2,6 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

### Medarbeidar

Sjukefråværet var 6,9 prosent.

### Oppsummering


Styringsfarten med omsyn til økonomi har høg merksemd. Ventetida for barn og unge innan psykisk helsevern er fallande i juni, og det kan virke som om tiltaka har hatt effekt og at innsøkinga har gått noko ned. Dette har fortsatt høgt fokus. Førretaket planlegg no å ta ned beredskap for covid-19. Innflyttinga i nytt bygg som er planlagt til ultimo august vil føre til at lågaktivitetsperioden i samband med sommarferieavviklinga vil vare til primo september med dei verknadene det vil ha for arbeidet med å redusere ventetider og fristbrot i somatikken, samt inntektene til førretaket.

# Økonomi

## Økonomisk resultat

Resultatet for perioden syner eit underskot på 8,8 MNOK, mot eit budsjettert overskot på 2,8 MNOK. Dette gjev samla eit negativt budsjettavvik på 11,6 MNOK. Som i førre månadsrapport er også resultatet denne perioden påverka av pandemien og av at dei øymerka midlane til Covid-19-beredskap vart brukt opp i løpet av dei første månadane av året. Månadsresultatet er prega av meirkostnader og mindre inntekter som følgje av pandemien men altså heilt utan nokon kompensierende tiltak. Budsjettavviket er noko høgare enn prognosen gitt i tidlegare styremøte (om lag -10 MNOK), noko som skuldast større svikt i pasientinntektene enn forventa denne månaden. Resultatet hittil i år er på -8,1 MNOK, noko som er 22,3 MNOK lågare enn budsjettert.

Vi har tidlegare skissert ein prognose på minus 10 MNOK pr måned fram til august dersom føretaket ikkje mottar ytterlegare kompensasjon for tapte inntekter og auka kostnad i samband med pågåande pandemi. Vi held fast på denne men justerer totalen med effekt av resultatet for mai måned, jamfør den faste linja i grafen nedanfor. Vår prognose for totalresultatet for 2021 vert altså -38,1 MNOK, noko som er 72 MNOK lågare enn budsjettert. Helse Fonna fekk i fjor 22,3 MNOK meir i kompensasjon enn rapporterte meirkostnadar og tapte inntekter i samband med Covid-19. Det svekka resultatet vi rapporterer frå april 2021, må sjåast i samanheng med resultatet og kompensasjonen i 2020.



## Periodens Resultat

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☐ HV041.1	Pasientrelatert inntekt	100 307	106 239	-5 931	545 941	569 943	-24 002
☐ HV041.2	Basistilskudd	225 628	230 756	-5 128	1 107 328	1 080 422	26 906
☐ HV041.3	Andre inntekter	6 587	3 382	3 206	29 500	16 908	12 593
☐ HV041	Sum Driftsinntekter	332 523	340 376	-7 853	1 682 769	1 667 273	15 496
☐ HV042.1	Varekostnader og Helsetjenester	-55 692	-52 313	-3 379	-289 034	-266 019	-23 015
☐ HV042.2	Lønn- og personalkostnader	-238 380	-235 935	-2 446	-1 145 907	-1 141 895	-4 012
☐ HV042.3	Øvrige kostnader	-37 528	-39 482	1 954	-207 656	-195 815	-11 841
☐ HV042.4	Av- og Nedskrivning	-9 794	-9 734	-60	-48 794	-48 982	188
☐ HV042	Sum Driftskostnad	-341 394	-337 464	-3 930	-1 691 390	-1 652 711	-38 679
☐ HV043	Driftsresultat	-8 871	2 912	-11 783	-8 621	14 562	-23 182
☐ HV044.1.01	Finansresultat	80	-79	159	518	-395	913
☐ HV044.1	Finans	80	-79	159	518	-395	913
☐ HV044	Sum Finans	80	-79	159	518	-395	913
☐ HV04	Totalresultat (korrigert pensjon)	-8 791	2 833	-11 624	-8 103	14 167	-22 269

## Inntekter

Sum inntekter viser eit negativt avvik mot budsjett på 7,8 MNOK.

Pasientrelatert inntekt har eit negativt avvik på 5,9 MNOK, trass i at inntekta frå poliklinikk og gjestepasientområda er høgare enn budsjett. Det er altså ISF-inntekta som sviktar noko.

Øremerka midlar viser igjen eit negativt avvik (5,1 MNOK) som i hovudsak skuldast periodisering som også tidlegare rapportert. Elles er det inntektsført 0,128 MNOK mot tiltakspakke vedlikeholdsmidlar denne månaden

Andre driftsinntekter viser eit samla positivt avvik på 3,2 MNOK mot budsjett. Dette inkluderer månadens tilskot gitt i form av varer frå Nasjonalt Beredskapslager på 1,59 MNOK

## Varekostnader

Samla kjøp av varer og tenester for mai måned syner eit negativt avvik mot budsjett på 3,38 MNOK. Dette er noko lågare enn førre månaden og kan ha samanheng med lågare aktivitet og beredskapsnivå.

Varekostnadane knytta spesifikt til føretakets aktivitet viser eit negativt avvik på 3,87 MNOK. Dei største negative postane som utgjør avviket innan varekost er Legemidlar eigenadministrert H-reseptmidlar med 2,6 MNOK, behandlingshjelpemidlar med 0,54 MNOK, laboratoriemedisin med 0,6 MNOK samt uttak av varer frå Nasjonalt Beredskapslager med 1,59 MNOK (som må sjåast opp mot inntekt med same beløp).

Kjøp av helsetenester viser denne månaden et positivt avvik på 0,486 MNOK.

## **Personalkostnader**

Personalkostnadane inkl. innleige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 2,45 MNOK. Avviket gjelder bruk av innleie frå vikarbyrå med 2,37 MNOK.

## **Andre driftskostnader**

Øvrige kostnader viser eit samla positivt avvik med 1,9 MNOK.

Tiltakspakken har ein kostnad denne månaden på 0,128 MNOK.

Finans viser eit positivt avvik på 0,159 MNOK.

## **Motkonjunkturmidlar (syssetting)**

Alle tiltak er ferdigstilt med unntak av følgjande:

- 1) Skifte av vindu Stord sjukehus har god framdrift. Ein ligg bak opphøveleg plan som følgje av at det har vore naudsynt til å omprioritere handverksressursar frå tiltaket og over på andre høgt prioriterte prosjekt.
- 2) Fjerning gamle kablar Hgsd – ein har påbyrja ein studie for å utgreie moglegheiten for å etablere sprinklaranlegg. Eit slikt anlegg vil bidra til at det ikkje vil være naudstynt å fjerne gamle kablar.

## **Investeringar**

Prosjekt Wlan Hgsd sjukehus ser ut til å bli ferdigstilt før verifisering av løysing gjennomførast. Det er Helse Vest IKT AS som er ansvarleg for verifisering av løysinga.

Prosjekt mobildekning gjeld dei tre nederste etasjane i sjukehusbygget. Konsept utreing for passivt/aktivt anlegg er no ferdig, kor ein har beslutta på eget passivt anlegg som krev mindre kjøling/straum. Neste fase i prosjektet er å gjennomføre ein formell anbudsprosess.

Prosjekt ombygging nytt røntgenapparat Odda sjukehus pågår og i følgje framdriftsplanen skal tiltaket ferdigstillast primo juli. Installasjon av røntgenapparatet er planlagt gjennomført av leverandøren primo august.

Prosjekt ombygging av laboratoriet ved Stord sjukehus pågår og vil i følgje framdriftsplanen bli ferdigstilt primo juli.

Prosjekt renovere rom for nytt vannrenseanlegg dialyse Stord sjukehus er ferdigstilt. Nytt vannrenseanlegg er satt i drift og fungerer som forutsatt.

Prosjekt utskifting av sengevaskemaskin Hgsd sjukehus. Eksisterande utstyr har havarert og nytt utstyr må anskaffast. Prosjektet er i konseptfase.

Prosjekt kabling til nytt overfallsalarmanlegg Karmøy DPS arbeider saman med ekstern rådgjevar med å prosjektere løysinga.

Prosjekt prioritetsstyring elkraft trinn 1 er ferdig. Trinn 2 er påbyrja og har så langt i år har framdriften vært i henhold til plan. Planen er at prioritetsstyringssystemet skal erstatte eksisterande system ved Haugesund sjukehus.


Prosjekt rehabilitering av eksisterande energisentral ved Haugesund sjukehus har fått melding om at SydVest blokka har behov for energitilførsel frå eksisterande sentral allereie frå oppstartsdato. Det er føretatt ei utgreiing av korleis energisentralen bør rehabiliterast for å dekke novarande og framtidig behov. ByggHgsd2020 inngått primo mai ein avtale med entreprenør om etablering av ein ny gasskjele i eksisterande energisentral som skal levere naudsynt varme til SydVest blokk.

Prosjekt rehabilitering av sentralt driftsovervaking (SD-anlegg) ved Haugesund sjukehus blir ikkje starta før naudsynte system og kapasitetstavklaringar ligg føre.

Prosjekt adgangskontroll Haugesund sjukehus har sett i verk ei intern kartlegging av omfanget. Tiltaket må sjåast i samanheng med ByggHgsd2020, ombyggingsprosjektet og byggetrinn 2.

## Likviditet

Likviditeten følgjer forventna utvikling og vil gå gradvis nedover fram til november i takt med utbetalingane knytta til ByggHaugesund2020 og betaling av pensjonspremien/ reguleringspremien i November. Siste del av byggelånet er planlagt utbetalt i desember. Difor aukar disponibel likviditet markant denne månaden. Dette lånet skal òg dekke ombygginga i Haugesund i 2022. Byggelånet vil bli konvertert til eit serielån frå 1.1.2022 og skal deretter nedbetalast over 35 år.



## Aktivitet og kvalitet

### Aktivitet

#### Psykisk helsevern

Det var totalt 181 avdelingsopphald i klinikk for psykisk helsevern og rus i mai. Beleggsprosenten var på 65%. Over tid har det vore lavt belegg ved allmenpsykiatrisk døgnpost 2 på Haugaland DPS og akuttpost ved Haugesund sjukehus. Ved Haugaland DPS har ein omstrukturert døgntilbudet ved allmenpsykiatriske døgnpost 2 for å sikre ein betre ressursutnyttelse. Talet på døgnplasser ved allmenpsykiatrisk døgnpost 2 er redusert frå 9 til 5 senger og gjort det mogleg å styrke dag og gruppe-tilbod samt allmenpsykiatriske poliklinikk ved Haugaland DPS. Effekt av tiltaket vil ein sjå frå august 2021. I forhold til akuttpost Haugesund sjukehus har ein ikkje iverksatt tiltak for å utnytte kapasiteten betre i påvente av innflytting i nytt sjukehus hausetn 2021. Pasientflyt og samarbeid opp mot somatiske avdelingar vil då bli endra og ein må sjå effekten av dette før ein vurderer ytterlegare tiltak. Aktuelle tiltak på sikt er sjå på pasientflyt knytta til sikkerhetspasienter og akuttposten i Haugesund si rolle i dette.

Den polikliniske verksemda hadde 7207 konsultasjonar i mai månad korav 5785 var refusjonsberettiga. Dette er noko lavare enn budsjettet, men reflekterer talet på ledige stillingar og ein vanskeleg rekrutteringssituasjon. Tiltak for å auke aktivitet er dei same som for neskrive under ventetid.

#### Kirurgisk klinikk

Kirurgisk klinikk hadde i mai 1203 sjukehusopphald fordelt på 731 døgnopphald og 472 dagbehandlingar. Det er 83 færre enn i budsjett. Hittil i år er det totalt 6230 opphald som er



51 fleire sjukehusopphald enn i budsjett. Det var 5716 polikliniske konsultasjonar som er 10 fleire enn i budsjett. Det er stort fokus på muligheten for telefonkonsultasjonar og i mai var det registrert i kirurgisk klinikk 332 telefonkonsultasjonar ned egenandel.

#### Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Medisinsk klinikk hadde 767 døgnopphald i mai, 58 opphald under budsjett. Til no ligger klinikken 335 døgnopphald bak budsjett, men har 226 døgnopphald meir enn same tid i fjor. Det var 132 dagopphald i mai, dette er 43 mindre enn budsjettet. Det var 5347 polikliniske konsultasjonar, 194 bak budsjett. Klinikken ligger litt over budsjett til nå på polikliniske konsultasjonar, og har hatt ca 6000 fleire konsultasjonar årets fem første månader samanlikna med 2020.

#### Klinikk somatikk Stord

Klinikk somatikk Stord hadde i mai 437 døgnopphold, 105 færre enn budsjett og 54 færre enn mai 2020. Det var 155 dagopphold, 30 færre enn budsjett men 16 fleire enn mai 2020. Totalt i mai var det 2257 polikliniske konsultasjonar, av desse var 2108 refusjonsberettiga. Det er 369 færre enn budsjett og 94 færre enn mai 2020. i underkant av 2 % av polikliniske konsultasjonar var ved bruk av telefon- videokonsultasjonar.

## Kvalitet

### Ventetid

#### Psykisk helsevern

Ventetid ventande for BUP Haugesund var på 32 dagar, mens ventetid behandla var på 55 dagar. For BUP Stord var ventetid ventande på 26 dagar og for behandla 47 dagar. Dette er godt over det regionale målkravet på 35 dagar, og heng saman med den betydelege auken i innsøking til poliklinisk behandling i BUP siste 8 månader samtidig som det har vore vanskeleg å rekruttere fagfolk. Det er iverksatt ein lang rekkje tiltak i BUP-feltet for å kunne nå det regionale målkravet mhp ventetid og unngå fristbrot. Av kortsiktige tiltak er det iverksatt kveldspoliklinikk ved BUP Haugesund og overføring av nye tilvisningar på pasientar over 17 år til HDPS, mens ved BUP Stord så er det tilsatt ein psykolog og ein høgskuleutdanna behandlar i vikariat i poliklinikk. Frå juni månad av vil poliklinikken ved BUP Haugesund bli styrka med ein barne-psykiater innleigd gjennom byrå. Utover dette vert det arbeid med rekruttering i faste stillingar og best mogleg utnytting av eksisterande behandlar-ressurser gjennom prosjekta «Alle Møter» og «Vel planlagt». På bakgrunn av

rekrutteringssituasjon og den høge innsøkinga forventer ein at ventetidene for 2021 vil ligge over det regionale målkravet, men ein vil gjennom skisserte tiltak unngå fristbrot. For mai månad er innsøking attende på 2019 nivå for BUP Haugesund, mens for BUP Stord ligg innsøking framleis betydeleg høgare. Forhåpentlegvis vil ein sjå ein normalisering av innsøking til BUP-feltet i løpet av hausten i takt med gjenopning av samfunnet i samband med Covid19 pandemien.

Innan voksenpsykiatrien og TSB varierer ventetid ventande ved DPSa frå 25 dagar til 41 dagar, mens ventetid behandla varierer mellom 34 dagar og 44 dagar. Det regionale målkravet er på 40 dagar. Talet på tilvisingar er aukande i 2021. For det største DPSet var det 91 tilvisingar i mai mot 52 i same periode i 2019. Dels heng auken saman med overføring av tilvisingar på pasientar over 17 år frå BUP Haugesund, men dette forkalrer ikkje heile auken. Det er usikkert om ein no ser den same effekten av Covid 19 pandemien innan voksenpsykiatrien som ein har observert for BUP-feltet. Aktuelle strakstiltak ein ser på er innføring av kveldspoliklinikk. Utover dette har ein starta opp med Emeistring for behandling av angst og depresjon ved Haugaland DPS. Førebelse tal viser at det vert henvist pasientar frå heile Helse Fonna til dette tilbudet. Frå hausten 2021 vil ein i tillegg få auka talet på behandler-stillinger i allmenpsykiatrisk poliklinikk ved Haugaland DPS samt styrka gruppe- og dagtilbodet. Emeistring og styrking av det allmenpsykiatriske behandlingstilbudet vil bidra til å opprettholde ventetider innafor dei regionale målkrava. Parallellt med dette vert det arbeid med å rekruttere i ledige stillinger samt utnytte eksisterande kapasitet optimalt gjennom prosjekta «Alle møter» og «Vel planlagt».

#### Kirurgisk klinikk.

Gjennomsnittleg ventetid for ventende i mai var på 55 dagar og 65 dagar for behandla.


#### Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Gjennomsnittleg ventetid ventende i mai var på 84 dagar og 74 dagar for behandla. Høgast ventetid i klinikken er innafor habilitering og fordøyelsessjukdommar.

#### Klinikk somatikk Stord

Gjennomsnittleg ventetid for ventande i mai var på 59 dagar og 63 dagar for behandla.

● Talet på fristbrot behandla ● Talet på fristbrot ventande



Fristbrot

Tal pr. 01.06.21

### Psykisk helsevern

Det var eitt fristbrot ventande ved utgangen av mai månad ved Haugesund sjukehus og eitt fristbrot behandla. Ved vurdering av henvisning og fastsetting av frist for helsehjelp vert det samtidig satt opp tid til første time. I hovedsak skuldast fristbrot ikkje planlagt fråver der ein ikkje får satt opp pasienten til ny time innanfor frist.

### Kirurgisk klinikk

Det var i mai 38 fristbrot for behandla pasienter og 19 fristbrot for ventande pasienter.


### Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Det var i mai 165 fristbrot for behandla og 466 fristbrot for ventande pasientar. Trenden ved fordøyelsessjukdommar er stabilisert og svakt synkende, mens det innafor nevrologi er størst utfordring per no.

### Klinikk somatikk Stord

Det var i mai 129 fristbrot for behandla og 235 fristbrot for ventande pasientar. Det er innanfor medisn (fordøyelse og kardiologi) og ortopedisk det er størst utfordring. På medisn er det mangel på legeressurser med ledige overlegestillingar.

## Korridorpasientar



Tal pr. 01.06.21

### Psykisk helsevern

Det var ingen

### Kirurgisk klinikk

3 prosent av sengedøgnna var i snitt på korridor i månaden. Dette utgjer totalt 72 pasientar. Samla var belegget i kirurgisk klinikk på 83%. Høgast belegg var på gastro/urologisk sengepost og kvinneavdelinga.


### Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Det var 98 pasientar på korridor i mai (3,4%). Belegg ved vaksenavdelingar Haugesund sjukehus var 86%, og det var overbelegg 7 dagar av mai.

### Klinikk somatikk Stord

Det var 39 pasienter på korridor i mai (2,7%). Reell beleggsprosent var i snitt 73% der belegget var størst i slutten av mai mnd. Medisin har 88% reell beleggsprosent

## Epikrise



Grunna forseinka oppdatering av tal frå Helse Vest, er tal for april og siste 12 månader presentert.

For epikrise sendt etter 1 dag i april, ligg somatikk på 58,8%. Psykisk helsevern ligg på 33%, og rus ligg på 27,3%.

For epikrise sendt etter 7 dagar i april ligg somatikk på 85 %. Psykisk helsevern ligg på 92%, og rus 100%.



## Pasienttryggleik

Andelen pasientar som var risikovurderte med tanke på fall var i mai 66,2 %, for trykksår 52,4 % og for risiko for underernæring 50,7 %. Helse Fonna når ikkje målet om ein median på 90 % som er risikovurderte for trykksår, fallrisiko og risiko for underernæring.

I mai måned sendte Helse Fonna to varsel til Statens helsetilsyn etter § 3-3 a i lov om spesialisthelsetenester. Begge var frå somatikk.

# Utskrivningsklare pasientar

## Innan somatikk



Innan somatikk var det i mai 40 pasientar som var melde utskrivningsklare medan dei venta på kommunalt tilbod om pleie- og omsorgstenester frå heimkommunen. Pasientane låg til saman 126 døgn, i snitt 4,1 sjukehusseng var nytta til utskrivningsklare pasientar i perioden. Totalt tal liggedøgn utskrivningsklare pasientar var i mai noko høgare enn i april, men likevel



betydeleg lågare enn dei tre første månadane i året. I mai var det Sauda kommune og Karmøy kommune som hadde størst kapasitetsutfordringar i forhold til å ta imot utskrivningsklare pasientar med behov for kommunale tenester.

Tal for utskrivningsklare pasientar er henta frå føretaket sitt journalsystem, DIPS. Av fleire grunnar kan det vere skilnader mellom tala frå DIPS og talet på pasientar/døgn som blir fakturert kommunane.

<b>Totalt antal utskrivningsklare pasientar med liggedøgn, fordelt på kommune, somatikk 2021</b>						
<b>Kommune</b>	<b>jan</b>	<b>feb</b>	<b>mars</b>	<b>apr</b>	<b>mai</b>	<b>Totalt</b>
Haugesund	27	5	10	2	6	50
Stord	2	9	9	8	6	34
Karmøy	41	36	33	20	17	147
Bømlo	1	2				3
Kvinnherad	4	7	2			13
Vindafjord		1	1			2
Tysvær	3	2		1	2	8
Fitjar	1					1
Sveio			1	1	2	4
Tysnes						
Sauda	1	2	5	2	7	17
Suldal						
Utsira						
Bokn						
Etne	3	1	3			7
Ullensvang		4		3		7
Andre						
<b>Totalt</b>	<b>83</b>	<b>69</b>	<b>64</b>	<b>37</b>	<b>40</b>	<b>293</b>

<b>Utskrivningsklare pasientar, totalt antal liggedøgn, somatikk 2021</b>						
<b>Kommune</b>	<b>jan</b>	<b>febr</b>	<b>mars</b>	<b>apr</b>	<b>mai</b>	<b>Totalt</b>
Haugesund	91	6	19	6	8	130
Stord	2	25	19	15	15	76
Karmøy	157	229	165	56	43	650
Vindafjord		4	2			6
Bømlo	1	2				3
Kvinnherad	12	7	4			23
Fitjar	1					1
Sauda	1	6	10	3	51	71
Tysvær	3	6		1	6	16
Sveio			1	1	3	5
Etne	12	1	3			16
Ullensvang		7		4		11
Tysnes						
Bokn						
Suldal						
Utsira						
Andre						
<b>Totalt</b>	<b>280</b>	<b>293</b>	<b>223</b>	<b>86</b>	<b>126</b>	<b>1008</b>

## Psykisk helsevern



Innan psykisk helsevern var det i april 2 utskrivingklare pasientar som venta på kommunalt tilbod, totalt 33 liggedøgn.



## Medarbeidar

### Bemanning

Brutto månadsverk hittil i år er 3.048. Dette er 79 fleire enn for same periode føregående år. For april måned er brutto månadsverk 3.066.

Netto månadsverk hittil i år er 2638. Dette er 91 fleire enn for same periode føregående år. For april måned er netto månadsverk 2.711.

### Sjukefråvær

Føretaket har eit registrert samla sjukefråvær på 6,9 prosent i april måned, mot 7,3 prosent i april måned 2020. Korttidsfråværet er 1,2 prosent og langtidsfråværet 5,7 prosent i april måned. Korttidsfråværet er redusert med 0,4 prosent, medan langtidsfråværet har auka med 0,1 prosent samanlikna med april 2020. I april måned var eigenmeldt fråvær 0,7 prosent og sjukemeldt fråvær 6,2 prosent.

Hittil i år er det samla sjukefråværet 8,1 prosent. Eigenmeldt fråvær 1,4 prosent og sjukemeldt fråvær 6,7 prosent. Korttidsfråværet er 2,1 prosent og langtidsfråværet 6,0 prosent.

Følgjande klinikkar/områder har høgast fråvær i april måned:

- Klinikk for psykisk helsevern har eit samla sjukefråvær på 8,2 prosent (0,9 prosent eigenmeldt og 7,3 prosent sjukemeldt), mot samla sjukefråvær 9,1 prosent april 2020
- Klinikk somatikk Stord har eit samla sjukefråvær på 7,1 prosent (0,7 prosent eigenmeldt og 6,4 prosent sjukemeldt), mot samla sjukefråvær 7,4 prosent april 2020
- Drift har eit samla sjukefråvær på 7,0 prosent (0,8 prosent eigenmeldt og 6,2 prosent sjukemeldt), mot samla sjukefråvær 9,1 prosent april 2020

### Uønska hendingar HMS/ansatteskarar i perioden

**(Statistikk tatt ut frå Synergi 08.06.2021).**

Synergi er Helse Fonna sitt verktøy for melding og sakshandsaming av;

- Uønska hendingar
- Nesten uhell
- Avvik
- Forslag til forbetring

Her melder ein både pasientrelaterte hendingar, HMS hendingar og driftshendingar.

Vidare rapportering viser berre HMS hendingar.

## HMS hendinger hittil i år.

HMS hendelser, hittil i år	
Hendelsestype	Saker, Antall registreringer
-- Ikke valgt --	214
Hendelsestype - 1. 1 Avfall	12
Hendelsestype - 1. 2 Beredskap	6
Hendelsestype - 1. 3 Biologisk arbeidsmiljø (smitterisiko)	52
Hendelsestype - 1. 4 Brannsikkerhet	2
Hendelsestype - 1. 5 Ergonomisk arbeidsmiljø	8
Hendelsestype - 1. 6 Fysisk arbeidsmiljø	54
Hendelsestype - 1. 7 Kjemikalier og legemidler	10
Hendelsestype - 1. 8 Organisasjonell arbeidsmiljø	59
Hendelsestype - 1. 9 Psykososialt arbeidsmiljø	59
Hendelsestype - 1.10 Sikring	20
Hendelsestype - 1.11 Systematisk HMS-arbeid	25
Hendelsestype - 1.12 Ytre miljø	7
Hendelsestype - 2. 4 Fall og uhell	1
	Sum 529

HMS saker hittil i år	
Dato for hendelsen	Saker, Antall registreringer
jan 2021	105
feb 2021	94
mar 2021	108
apr 2021	98
mai 2021	101
jun 2021	23
	Sum 529

«**Ikkje valt**» betyr at sakshandsamar ikkje er starta handsaminga, og dermed ikkje valt hendingstype.

**Psykososialt arbeidsmiljø** handlar i hovudsak om hendinger knytt til vald og truslar, samt ført på «annet» som er alt frå uheldig kommunikasjon medarbeidarar imellom, til «stress» fordi medarbeidar av ulike årsaker ikkje strekk til i ulike situasjonar.

39/59 hendinger på **organisasjonell arbeidsmiljø** er ført på «samsvar mellom oppgåver og ressursar».

Hendingar på biologisk arbeidsmiljø er i hovudsak ført på annet/isoleringsregime/eksponering og er knytt til pandemien.

## HMS hendinger fordelt på klinikk, mai 2021:

HMS hendinger pr.klinikk mai 2021	
Saksbehandlende enhet/prosjekt	Saker, Antall registreringer
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Drift (ID#4332)	14
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - HR (ID#460)	1
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for kirurgi Haugesund (ID#393)	5
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for medisin Haugesund og Odda (ID#4393)	29
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for medisinske tenester og beredskap (ID#362)	17
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for psykisk helsevern (ID#389)	26
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk Somatikk Stord (ID#2834)	8
	Sum 100

Dei fleste av desse hendingane er ikkje kategorisert i hendingstype enno. Det er ingen områder som dermed skil seg ut.

## Vidare blir det vist til tre rapporteringar i synergi, med årsak, utfall og tiltak/læring.

### 1. Potensiell konsekvens.

Basert på ei risikovurdering som sakshandsamar må gjennomføre når ein behandlar avviket.

### 2. Faktisk konsekvens

Basert på sakshandsamar si vurdering av alvorsgrad.

### 3. Tilsettskader

Ein må svare for om hendinga medførte skade. Det er i første omgang eit ja/nei spørsmål.



Dersom ja, skal ein fylle inn meir info om skaden.

## 1. Potensiell konsekvens, mai 2021:

Risikoområde	Saker, Antall registreringer
 Kritisk område	1
 Alvorlig område	5
 Mindre alvorlig område	14
 -- Ikke valgt --	2
	Sum 22

Potensiell konsekvens	Årsak	dato	Tiltak/læring/utfall
Kritisk område	Medarbeidar utsatt for passiv røyking. Pasient er skjerma og har løyve til å røyka inne.	02.05.21	Forslag om å installere avtrekk på rom. Behovet er meldt, og er tatt med i planer for ombygging på sikkerhetsposten (i langtidsbudsjettet).  Vurderer heile tida om det er behov for skjerming, eller om pasient kan gå ut for å røyka.

## 2. Faktisk konsekvens, mai 2021:

Faktisk konsekvens/alvorlighetsgrad	Saker, Antall registreringer
 Ansatt - liv og helse - 1 Ubetydelig/Ingen	12
 Ansatt - liv og helse - 2 Mindre alvorlig	7
 Ansatt - liv og helse - 3 Alvorlig	2
	Sum 21

Det er 2 hendingar som er meldt som alvorleg og ingen som svært alvorlig.

Faktisk konsekvens/alvorsgrad	dato	Årsak	Utfall	Tiltak/læring
Alvorleg	21.05.21	Dialysepasient som ville avslutte behandling med ein gong. Er ufin i språket og søler med mat og drikke	Psykisk påkjenning for medarbeidar.	Avdelinga har prosedyre for oppfølging av pasient. Ingen nye tiltak vurdert.
Alvorleg	03.05.21	Medarbeidar mogleg eksponert for formalin etter gasslekkasje.	Medarbeidar vart kvalm og uvel.  Fører det inn som skadetype «forgifting-akutt».	Strakstiltak; Medarbeidar forlot avdelinga og meldte frå til leiar. Verneombod stengte ned avdeling.  BHT vart kontakta som formidla kontakt med brann og redning for måling. Målinga viste ingen gass i aktuelle rom på måletidspunktet, men derimot utanfor der lastebil hadde stått. Det var ikkje mogleg å detektere kva gass det var snakk om.  Sakshandsaming ikkje avslutta. Tiltak dermed ikkje ført inn enno.

### 3. Tilsettskade mai 2021:

Tilsettskade, mai 2021	
Skadeklasse	Saker, Antall registreringer
Førstehjelpsskade	9
	Sum 9

Eksempel på førstehjelpsskade;

- «Kink» i rygg i samband med stell (tvangsstell med 5 medarbeidarar involvert)
- Medarbeidar skulle levere søppel, snubla over kanne med væske som sto i vegen (feilplassert). Smerter i høyre kne og i venstre hand
- Medarbeider gikk på ei dør, fikk lite kutt og blåmerker
- Slag mot medarbeider av pasient, smerter i øyeblikket (ikkje i etterkant)
- Skalling og spyting mot medarbeider
- Lekkasje av formalin, kvalme og ubehag